
Fra: Anne-Karin Løken [<mailto:anne-karin.loken@ks.no>]

Sendt: 21. september 2017 15:06

Til: Hordaland fylkeskommune; Bergen kommune; Etne kommune; Sveio kommune; Bømlo kommune; Stord kommune; Fitjar kommune; Tysnes kommune; Kvinnherad kommune; Jondal kommune; Odda kommune; Ullensvang kommune; Eidfjord kommune; Ulvik herad; Granvin herad; Voss kommune; Kvam herad; Fusa kommune; Samnanger kommune; Os kommune Hordaland; Postmottak Austevoll; Sund kommune; Fjell kommune; Askøy kommune; Postmottak Vaksdal; Postmottak Modalen; Post Osterøy; Postmottak Meland; Øygarden kommune; Postmottak Radøy; Postmottak Lindås; Post Austrheim; Postmottak Fedje; Post Masfjorden kommune

Kopi: Fylke Hordaland; Helene Arholm; Frode Kyrkjebø; Anne-Karin Løken; Frode Lauareid

Emne: Nettverksamling for ordførarar og varaordførarar

Vi ber om at postmottak vidaresender e-posten til ordførar og varaordførar i dykkar kommune. På førehand takk for hjelpa.

KS Hordaland inviterer ordførarar og varaordførarar til samling på

Thon Hotel Bergen Airport , Kokstad

16.-17. november 2017

Hovudtema: Gjennomføring av kommunestyremøte – møtet er sett!

Vi syner til tidlegare varsel om tidspunkt for samlinga.

Dette er samling nummer to i nettverket som er etablert for ordførarar og varaordførarar i Hordaland. Føremålet med nettverket er å gjere ordførarar og varaordførarar enda betre og tryggare i rollane sine.

Basert på innspela på førre samling har vi denne gongen retta merksemda mot å gjennomføre eit kommunestyremøte, og kva vanskelege situasjonar – til dømes juridiske, praktiske og etiske utfordringar - ein møteleiar kan støyte på i løpet av møtet, som ein må ta stilling til der og då.

Til å gjennomføre samlinga har vi med oss Petter Steen jr. som prosessleiar og Frode Lauareid frå KS Advokatane. Forma på samlinga vil vere ein blanding av korte foredrag, erfaringsutveksling og drøfting av konkrete case. Kanskje vert det og nokre rollespel?

I tillegg til dette tek vi opp eit anna tema som synes særskilt aktuelt for tida: Varsling – og særskilt om **ordføraren** si rolle i denne samanheng. Vi ser frå media at det pågår vanskelige saker i fleire kommunar for tida, og her er utfordringar de alle kan kome bort i.

KS Advokat Frode Lauareid har jobba mykje med slike saker og vil gå gjennom både aktuelt lov og regelverk, og nyttige tips om korleis en bør handtere slike saker.

Vi syner elles til vedlagte program.

Vi vil for ordens skuld gjere merksam på at samlinga *ikkje* er meint å vere eit nybyrjarkurs for nye ordførarar og varaordførarar. Erfaringane syner at og røynde ordførarar/varaordførarar kan bomme i måten dei handterer nokre av dei problemstillingane vi vil ta opp, så vi trur samlinga vil vere relevant for dykk alle. **Fylkesstyret i KS Hordaland oppmodar difor dykk alle til å delta på samlinga.**

Påmelding til samlinga gjer du her: <http://www.ks.no/kalender/hordaland-ordforar-varaordforarsamling/>

PÅMELDINGSFRIST: 6. oktober.

Beste helsing

Victor Ebbesvik
Seniorrådgjevar
Senior Adviser

Epost Email: victor.ebbesvik@ks.no
Mobil Cellular: (+47) 91 14 82 73
<http://www.ks.no>



KOMMUNESEKTORENS ORGANISASJON
The Norwegian Association of Local and Regional Authorities